

## Referat frå årsmøte i Jæren turlag 16. februar 2023 kl 19.00 – 21.00 i Time bibliotek

Med biletkavalkade frå ulike turar i Jæren turlag 2022 vart vi ønska velkommen av leiar i laget Anne Reidun Garpestad.

Det var ca 30 frammøtte.

Årsmøtesaker:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste – godkjent.
2. Val av ordstyrar – Anne Reidun Garpestad vart vald.
3. Val av referent – Margreta Hauge Clementsen vart vald.
4. Val av to personar til å godkjenna referat – Ann Kristin Hunshamar og Gro Mabel Sele Anda vart valde.
5. Gjennomgang av årsmelding ved Anne Reidun Garpestad – årsmelding godkjent utan merknad.  
2022 var eit aktivt år med mange deltakarar på ulike arrangement på tvers av kommunegrensar. Årsmelding vil verta lagt ut på Jæren turlag si nettside.
6. Gjennomgang av rekneskap ved Nadine Friese – godkjent av årsmøte
7. Val av styre for 2023 ved Margreta Hauge Clementsen – valkomiteen sitt forslag til styre i Jæren turlag 2023 vart godkjent.

8. Har du lyst å vera med på dugnad? Laget treng frivillige til å vera med

- På ulike arrangement
- Som turleiar
- I fadderlag på dagsturhytter
- På merking av turløyper
- I diverse praktisk arbeid – Sjøbua på Reime skal rehabiliterast i 2023
- Å setta opp gapahuk ved Melsvatnet i lag med Jæren friluftsråd

9. Det er laga turprogram for Jæren turlag 2023 og ein foldar for nærturar 2023.

10. Nytt frå Stavanger turistforeining ved Marte Dale

Barn og unge: Fersking i friluftskurs

Leirskule – mangfald og tilrettelegging

Unge naturtalent

Det er ønske om å få til eit DNT Ung Jæren

Strategiar vert forlenga 2023 – 2025

Dette gjeld: Bynært friluftsliv

60+

Tilrettelegging for grupper med særlege behov

Satsing på frivillige og turlag

Fokusområde 2024 – 2025

- Digitalisering
- Kommunikasjonsstrategi
- Langtidsplan Haukelisæter
- Naturforvaltning
- Struktur på turlag / organisasjon

Nye tilbod: Overnattingsstad i hummarpark på Kvitsøy, oppgradering av Ådneram turisthytte, Turbohytte i Hunnedalen for barnefamiljar, oppgradering av Gramstad, Nodhagen og Sjøbua på Reime.

Arbeid med ei nettside for DNT – ikkje fleire sider slik som nå.

Til deg som alt er frivillig registrer deg på DNT Frivilligportal [dnt.mobilise.no](https://dnt.mobilise.no)

Pause med enkel servering.

#### 11. JA! Prosjekt #eteute ved Hilde Grøtte

Hilde Grøtte er turleiar og kurshaldar i STF. Ho har gitt ut ei kokebok om turmat og matlaging utandørs. Ho har valt ut sine favorittoppskrifter med framgangsmåte og oppskrifter, og fylt på med tips for korleis ein sjølv kan setta sitt eige preg på mat ein lagar ute.

Hilde Grøtte er ikkje redd for å by på seg sjølv og har vore med på mange arrangement, arrangert turar og kurs med matlaging, invitert grupper på tur og sjølv vore invitert til fleire stader i Norge.

Motto er at det er mykje meistring i det å kunna laga eigen mat enten ein er på tur eller heime. Ho har laga mat saman med barn, unge og eldre. Med innvandrarkvinner der ein blir kjent og får språkpraksis, og der norsk kultur vert inkludert med internasjonal matkultur. Ho har og fått til tradisjon med bålfeest og matlaging ute i det fri saman med selgarar av gatemagasinet Asfalt.

Marte Dale, Svanhild Arnegård og Margreta Hauge Clementsen vart takka for verv i styret og valkomite med blomar.

Referent

Margreta Hauge Clementsen

Bryne 18/2-23  
Ann Kristin Hunshamar.

22/2-23  
Gro Mabel Sele Anda

## Forslag til nytt styre i Jæren turlag 2023

VERV	NAVN	Merknad	År igjen	Telefon
Leiar	Anne Reidun Garpestad	Gjenvalg	1 år	958 19 098
Styremedlem	Margreta Hauge Clementsen	Ny	2 år	464 33 458
Styremedlem	Einar Jordebekk	Gjenvalg	2 år	957 58 087
Styremedlem	Nadine Friese	Gjenvalg	2 år	461 19 231
Styremedlem	Solfrid Grødem	Ikkje på valg	1 år	400 05 404
Styremedlem	Arnfinn Særheim	Ikkje på valg	1 år	975 28 555
Styremedlem	Anne Grete Madland Tjemsland	Ikkje på valg	1 år	958 73 682
Varamedlem	Lene Støldal	Gjenvalg	1 år	930 92 915
Varamedlem	Alf Kåre Sirevåg	Ny	1 år	905 98 900
Valgkomite	Inger Tjørve	Ny	2 år	975 14 875
	Randi Otterlei Malmin	Ikkje på valg	1 år	934 89 250

